

Ola I. Breivega og Arvid Langeland

**TRADISJONELL OG FYLGJERETT  
NYNORSK**

Ein revisjon av rettskrivinga

Voss og Stokke, den 5. april 2010

## INNHALDSLISTE

Innleiding.....s. 3

To retningsliner.....s. 9

## FORMVERKET

Substantiv.....s. 10

Verb.....s. 12

Adjektiv og adverb.....s. 17

Pronomen.....s. 18

Avleiding.....s. 18

## LYDVERKET

Konsonantsystemet.....s. 18

Vokalsystemet.....s. 23

Einskildord.....s. 29

**ALFABETISK LISTE OVER SKRIVE- OG BØYGJINGSMÅTAR I  
DENNE RETTSKRIVINGA SOM ER ENDRA I HØVE TIL  
LÆREBOKNORMALEN.....s. 30**

Vedlegg.....s. 44

## INNLEIDING

### Den norske målreisingstanken

Danskeveldet førde til at det norrøne skriftmålet gjekk til grunne i Noreg. Men det norske talemålet levde vidare i dei norske målføra:

Medens Tid og Omstændigheder, som før er sagt, gjorde den Kjøbenhavnske Dialekt herskende hos os, opbevaredes og dyrkedes dog vort Nationalsprog i Bondens Hytter i vore Dale og paa vore Strande; lad end være, at dette ikke er Tilfældet med alle Distrikter i lige Grad. At Tiden ogsaa har havt sin Virkning paa Almuesproget, er naturligt; men naar man betænker, hvor vide vort Lands Befolkning er adspredt, hvor lang Tid Sproget ikke blev skriftligen dyrket, samt flere, forhen berørte Omstændigheder; – saa maa man ansee det for noget Stort, at denne National-Eiendom endnu i saapas Stand kan overleveres os [...]<sup>1</sup>

På grunnlag av eit samanliknande studium av dei norske målføra rekonstruerte Ivar Aasen det norske målet som ein klassisk standard for dei. Det fekk namnet *landsmål* (i 1929 endra til *nynorske*), og i striden for nasjonal, sosial og kulturell frigjering tok folk det i bruk. Å reisa og tryggja dette målet som nasjonalt mål er *den norske målreisingstanken*.

### Samnorskpolitikken – ein politikk for å hindra eit tospråkleg Noreg

Då landsmålet fekk sterk framgang i fyrstninga av 1900-talet, sette styresmaktene i verk tiltak for å hindra at landet skulle verta språkløyvt, og me fekk den sokalla tilnæringspolitikken. Den gjekk ut på at landsmålet og riksmålet gjennom offentleg styring gradvis skulle nærma seg kvarandre med sikte på samansmelting til eitt mål i framtida. Rettskrivingsreformene i 1917, 1938 og 1959 hadde dette for auga. Denne politikken førde til sterk motstand både på nynorsksida og riksmålsida.

Riksmålsrørsla kunne stø seg på samfunnklassar som var mektige nok til å raka bokmålet ut or denne smeltedigelen. Striden deira mot samnorsk vart i 1981 langt på veg kruna med siger då Stortinget vedtok Stortingsmelding nr. 100 (1980–81) *Endringer i rettskrivningen og læreboknormalen for bokmål*.

Etter dette var tilnæringspolitikken i praksis stogga, og i 2002 vart han offisielt skrinlagd då Stortinget tok bort den sokalla tilnæringsparagrafen i lov om Norsk språkråd.

Bokmålsseksjonen i Norsk språkråd tok dei nye signala. I den nye bokmålsrettskrivinga, som tok til å gjelda den 1. juli 2005, er ei rekkje tilnæringsformer strokne, skiljet mellom hovudformer og sideformer er fjerna, og riksmålformer som *syn*, *bygget* og *trykket* er tekne inn. Dessutan er *-en* og *-a* (*jenten/jenta*) jamstelte fullt ut i

<sup>1</sup> Ivar Aasen: *Frå Om vort Skriftsprog* frå januar 1836, prenta fyrste gongen i Syn og Segn i 1909. Her sitert frå *Skifter i samling*, Gyldendal Norsk Forlag, Oslo 1996, del III, s. 9.

hokjønn bunden form eintal og *-ene* og *-a* i inkjekjønn bunden form fleirtal (*barnene/barna*). Det står no att berre minimale skilnader mellom riksmålsnormalen og det som gjerne vert kalla moderat bokmål.

I motsetning til riksmålsrørsla hadde ikkje nynorskfolket mektige støttespelarar og samfunnsskassar bakom seg. Tilnæringspolitikken, som skaut fart i 1938, førde ikkje til samling og samhald på nynorsksida, men medverka tvert imot til indre strid og kløyving, og dermed kunne tilnærminga gå endå eit steg – for nynorsken sin del – i 1959. I ei fråsegn frå fleirtalet i nynorskgruppa i nemnda som la fram 1959-ombota, heiter det:

Vi er leie for at bokmålsgruppa på si side ikkje har kunna gå lenger i tilnærming enn tilfellet er. Som tilrådinga syner, blir det i bokmålet nære på status quo. [...] Tilnærminga må ikkje skje på ein slik måte at det kjennest som det berre er det eine målet som lempar seg. Stillinga i bokmålet har derfor også gjort vårt arbeid med nynorsken vanskelegare. Slik alt ligg til, meiner vi likevel at læreboknormalen for nynorsk representerer eit rimeleg og forsvarleg steg på tilnæringsvegen. Og vi oppmodar alle som nyttar nynorsk, til å slutte opp om den nye læreboknormalen, og såleis på si side stø den tilnærming og samvokster som Norsk språknemnd etter sitt mandat skal fremja.<sup>2</sup>

Sigurd Kolsrud, nynorskprofessor frå Oppland, og Per Thorson, dosent, seinare professor, i nordisk målvitskap frå Rogaland, gjekk ut or nemnda av di dei ikkje kunne ta medansvar for det som var gjort med nynorsken.

Nynorskrettskrivinga i dag er soleis eit resultat av ein programmatisk tilnæringspolitikk og kan ikkje lenger kallast ein samnemnar for dei norske målføra. Den einskaplege og samlande norma som Aasen forma ut, er vorten kløyvd i fire hovudvariantar som skjematisk ter seg slik:

- A ein variant som utnyttar alt som finst av hovudformer og klammeformer, og gjennom det legg seg so nær bokmål som råd
- B ein variant som fylgjer læreboknormalen, men som vel dei formene og skrivemåtane som gjev minst avstand til bokmålet
- C ein variant som fylgjer læreboknormalen, men som vel dei formene og skrivemåtane som ligg so nær tradisjonell nynorsk som råd
- D ein variant som utnyttar alt som finst av hovudformer og sideformer og som gjennom det legg seg so nær tradisjonell nynorsk som råd.

I strid med prinsippa som Aasen bygde på (sjå s. 9), forsvara Noregs Mållag lenge denne normtilstanden. Fyrst på landsmøtet til samskipnaden i 2008 vart det etter fleire års diskusjon fleirtal for å rå til at skiljet mellom hovudformer og sideformer burde takast bort, og for at ei slik oppheving føreset at valfridomen vert kraftig redusert.

---

<sup>2</sup>Vedlegg 4 til *Framlegg til læreboknormal 1957*. Fra Norsk språknemnd, Oslo 1957, s. 125.

Dette endra synet medverka til at Stortinget gjennom førehavinga av Stortingsmelding nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening* den 28. april 2009 gav «klarsignal til å setja i gang arbeidet med å førebu ein revisjon av rettskrivingssystemet i nynorsk».<sup>3</sup>

Me har i mange år arbeidt med ein revisjon av nynorsk rettskriving, og før me her legg fram resultatet av arbeidet vårt, vil me koma med nokre tankar som me meiner er viktige for norsk målreising.

### **Språk, herredøme og hegemoni**

Trass i hundre og femti års målreising er bokmålsdominansen framleis so sterk at han trugar nynorsken på livet. I boka *Konfrontasjoner* skriv professor Brit Mæhlum mellom anna:

[...] den primære, mest vitale påvirkningsinstansen i disse prosessene synes å være et sørøstnorsk, bokmålsnært talemål; et talemål som i kraft av sin status som en ukodifisert standard fungerer som et landsdekkende, språklig «overrislingsanlegg»<sup>4</sup>.

[Standardtalemålet vil fungere] som påvirkningsinstans overfor talemålet i byer som Stavanger, Bergen, Trondheim, Tromsø. Mens de mindre byene og tettstedene i disse storbyenes respektive regioner først og fremst vil bli influert direkte fra sin regionale «hovedstad». Dette er det grunnleggende prinsippet som langt på vei danner fundamentet for forestillingen om språklig regionalisering og regionale varieteter.<sup>5</sup>

De konkrete effektene av denne overrislingen er imidlertid, som vi har vært inne på, langt fra identiske overalt. Dét skyldes dels det enkelte geografiske områdes sosiokulturelle, politiske og historiske betingelser; betingelser som kan være helt avgjørende når det gjelder graden av mottakelighet versus «resistens» i forhold til impulser utenfra. Men ulikhetene skyldes også uten tvil de varierende *lingvistiske* forutsetningene som preger det aktuelle språkområdet; det vil si det lingvistiske «jordsmonnet» som særkjenner én landsdel fra en annen. Den effekten som et sørøstnorsk standardisert talemål har som potensiell påvirkningskraft i eksempelvis Rogaland, Sogn, Trøndelag eller Helgeland, vil sjelden eller aldri gi som resultat et talemål som er identisk med påvirkningskilden. [...] Når derimot overrislingen er tilstrekkelig intens over enkelte *østlandske* områder, der den tradisjonelle dialekten lingvistisk sett ofte ligger nærmere standardtalemålet enn i de fleste andre regioner, kan resultatet av endringene bli et talemål som er mer eller mindre identisk med standarden, med få eller ingen av de opprinnelige lokale kjennemerkene bevart. Eksempler på slik mer gjennomgripende *avdialektifisering* er de siste årene dokumentert i blant annet Numedal, Hallingdal, Vang på Hedmarken og på Tynset.<sup>6</sup>

Språkendringar er ikkje naturlover. Brit Mæhlum avsluttar boka me har sitert frå, med å skriva at

samtliche av analysene i det foregående [er] forsøk på å *avnaturalisere* de språklige konfrontasjonene som er omhandlet: Her er det verken snakk om naturlige, logiske eller skjebnebestemte

<sup>3</sup> St.meld. nr. 35 (2007–2008), s. 212.

<sup>4</sup> Brit Mæhlum: *Konfrontasjoner*, Novus forlag, Oslo 2008, s. 53.

<sup>5</sup> Same staden, s. 50.

<sup>6</sup> Brit Mæhlum: *Konfrontasjoner*, Novus forlag, Oslo 2008, s. 53–54.

utviklingsforløp. Derimot er det en framheving av at nettopp *kunnskap* om disse mekanismenes historiske og politiske forutsetninger er et premiss dersom målsetningen er å utfordre de lingvistiske markedskreftene.<sup>7</sup>

Hegel skreiv i 1807 om herredøme og trældom («Herrschaft und Knechtschaft») i verket *Phänomenologie des Geistes*, i bolken om sjølvmedvit, der *anerkjenninga* vert drøft.

Det originale ved Hegels posisjon er hans påstand om at individets selvbevissthet ikke er mulig ved det enkelte individs viten om seg selv. Selvbevissthet kan ikke eksistere bare som ett enkelt subjekts bevissthet om seg selv, men krevjer at det enkelte individ har et forhold til *andre* selvbevisste subjekter. På den måten blir selvbevissthet et kollektivt fenomen [...]<sup>8</sup>

Det var den russiskfødde Alexandre Kojève som med ei førelesingsrekke i Frankrike i 1930-åra tolka og gjorde denne innsikta kjend.

Det er og blir Kojèves fortjeneste å ha pekt på denne dreiningen [...] i retning av en sosialfilosofisk problematikk eller, om man vil, en problematikk om intersubjektivitet.<sup>9</sup>

I essayet *Språk og eksistens* skreiv Gunnar Skirbekk i 1967 at språket i Noreg er ein del av eit herre–træl-spel:

Generelt kan vi skissere det slik: «Herren» definerer seg sjølv som herre, og «knekten» som knekt – og han maktar å få knekten til å akseptere denne sjølvforståinga. Derfor er «revolusjonen», som Frantz Fanon påpeiker, ikkje berre ei politisk og økonomisk maktovertaking. Revolusjonen er knektens redefinering av seg sjølv som eit menneskeverdig menneske og knektens kamp for å få den tidlegare herren til å akseptere denne nye sjølvforståinga – slik at resultatet blir at både knekten og herren får ei ny forståing, både av seg sjølv og den andre. (Dette herre-knekt-spelet blir ikkje avskaffa ved at knekten gjør seg til herre, og herren blir gjort til knekt. Herre-knekt-spelet vil først ta slutt dersom begge partar aksepterer kvarandre som menneskeverdige medmenneske).<sup>10</sup>

Med litt fantasi ser vi korleis dette herre-knekt-spelet fungerer på ulike plan også i vårt samfunn (jfr. f.eks. den sosiale definisjonen av «gatespråk» og «fjøsmaå»). Læra om herre og knekt viser korleis den teoretiske filosofen Hegel peiker inn i konkrete, politiske problem.<sup>11</sup>

Stortingsmeldinga *Mål og mening* har eit eige kapittel om språk og makt. Der heiter det mellom anna:

Grunnlaget for at språkbruk og forholdet mellom språk endrar seg, er alltid knytt til maktmekanismer som hegemoni og dominans. Ei fri språkutvikling i tydinga upåverka av økonomisk, politisk eller ideologisk makt er difor utenkjeleg.<sup>12</sup>

<sup>7</sup> Same staden, s. 199.

<sup>8</sup> Frå Thomas Krogs føreord (s. ix–x) i: Alexandre Kojève: *Introduksjon til lesningen av Hegel*, Pax forlag, Oslo 1996.

<sup>9</sup> Same staden, s. x.

<sup>10</sup> I *Kontur og kontrast*, Det Norske Samlaget, Oslo 1967, s. 104–105.

<sup>11</sup> Gunnar Skirbekk: *Politisk filosofi*, band 2, Universitetsforlaget, 1972, s. 136.

<sup>12</sup> St.meld. nr. 35 (2007–2008), s. 65.

Dominans (avleidd av lat. *dominus* ‘herre’) tyder ‘herredøme’. Hegemoni (avleidd av gr. *hegemon* ‘førar’) tyder ‘førarskap’.

Tenkjemåtar som er med og rettferdiggjier ein bestemt type dominans, representerer eit hegemoni. Å ha eit hegemoni er altså å ha eit strukturelt og definisjonsmessig overtak, ofte nesten umerkeleg slik at dominansen og makta verkar heilt sjølvsgd eller naturleg, og ikkje må grunnjevast. Den som har ei formell fleirtalsmakt, forvaltar element av eit slikt hegemoni gjennom ideologisk makt.

Grupper, miljø, institusjonar som er i ein hegemonisk posisjon, legg premissar for kva som gjeld og kva som er legitimt, og kan gjera det så lenge dei som blir utsette for dette hegemoniet, godtek premissane og underordninga. Ein kamp om hegemoniet vil difor innebera usemje om korleis situasjonar bør forståast, saker sorterast og omgrep definerast.<sup>13</sup>

### Målfolket og kampen for anerkjening

Det er tvilsamt om det er råd å finna eit objektivt svar på spørsmålet «Kva er eit språk?» Til sjuande og sist er det å kunna definera eit språk som eit eige språk, knytt til makt.

I samnorskperioden var det standard språkbruk å omtala bokmål og nynorsk som *målformer*, ikkje som to ulike *språk*. Det verka sjølvsgt mykje mindre problematisk å prøva å smelta saman to variantar av eitt og same språket enn å smelta saman to ulike språk til eitt. Eit medvit om nynorsk som eit eige språk ville stå i vegen for samansmeltingsprosjektet. Definisjonen vart difor viktig.

På dette punktet fører stortingsmeldinga *Mål og mening* vidare ideologien frå samnorskperioden. Meldinga talar om «det norske fellesspråket»<sup>14</sup> og hevdar at «nynorsk og bokmål lingvistisk sett [er] to variantar av norsk språk».<sup>15</sup> Men meldinga ser det som «rimeleg å skilja ut *dei tre skandinaviske språka*, svensk, dansk og norsk [...]».<sup>16</sup>

Kvifor vegrar styresmaktene seg framleis for å anerkjenna fullt ut at det finst to nordiske språk i Noreg? I Sveits har dei fire offisielle språk, men ingen av dei heiter sveitsisk. Kva står i vegen for å gje avkall på nemninga «norsk» i denne samanhengen? Konsekvent bruk av nemningane *nynorsk* og *bokmål* og avkall på nemninga «norsk» om dei to språka ville gjera tospråkssituasjonen synleg heile tida. Ein slik språkbruk ville avdekkja at altfor ofte dreier det seg berre om bokmål når det vert tala om «norsk».

Noregs Mållag seier i det internasjonale programmet om språkleg og kulturelt mangfald (vedteke på landsmøtet i 2005)

<sup>13</sup> St.meld. nr. 35 (2007–2008), s. 68.

<sup>14</sup> St.meld. nr. 35 (2008–2009), s. 197.

<sup>15</sup> Same staden, s. 195.

<sup>16</sup> Same staden, s. 60.

at nynorsk og bokmål er nærskyldte, men likevel to ulike språk.

Definisjonen av nynorsk som eit sjølvstendig språk er ein viktig del av ein anerkjenningskamp og utløyser eit uavviseleg krav om at nynorsk skal vera eit samfunnsberande, komplett språk til liks med bokmål.

Dersom anerkjenninga skal vera reell, må ho visa seg *materielt*:

Lovene må liggja føre på båe måla, nynorsken må få sin rettkomne plass i massemedia, og lærebøker og andre læremiddel må verkeleg vera å få på båe måla til same tid og til same pris. Skilta på nasjonale møtestader som dei store flyplassane og dei store togstasjonane må vera både på nynorsk og bokmål, bruksretteleidingar for varer og liknande må vera både på nynorsk og bokmål osb.

Dette er **det fyrste vilkåret** for at nynorsken skal overleva som eit sjølvstendig mål.

### Revisjon av nynorskrettskrivinga

**Det andre vilkåret** som må oppfyllest for at nynorsken skal kunna tevla med det dominerande bokmålet, er dette: Målet må førast inn att på sin eigen grunn, det må normerast på sitt eige grunnlag. Det overlever rett og slett ikkje med den normtilstanden me har no.

I ordskiftet om *ordtilfanget* skreiv Magne Rommetveit i 1983 at han registrerte ein tydeleg tendens til at dialektane var i tilbakegang (jf. Mæhlum-sitatet s. 5), og han meinte dei ville koma til å spela ei underordna rolle i framtida. Etter hans meining måtte ein venta at utviklinga ville gå snøgt:

Folk flyttar i dag meir enn før – frå det eine dialektområdet til det andre, frå yrkesmiljø til yrkesmiljø. Talemålet blir påverka av dette. Med andre ord: «naturleg talemål» utviklar seg meir og meir frå eit «morsmål» med rot i eit målføre til å bli eit ustabilt uttrykksmiddel som skifter frå person til person. Og det finst ofte i sprikjande former hos ein og same personen – alt etter talemålssituasjonen og evne til å stå mot språkleg press i påverknadsmiljøet. Her kjem massemedia inn som eit dominerande påverknadselement. Ei rivande utvikling i medieteknikken påskundar denne utviklinga – med god støtte i offentleg administrasjonsmål og i målet i undervisningsmateriell. Med andre ord: vi merkar ei meir eller mindre medviten tilpassing til normert mål.<sup>17</sup>

Konklusjonen hans var at

det vil bli normalmål som avgjer språkutviklinga i landet, ikkje naturleg talemål. Det er difor eit feilgrep om vi tuftar framtida til nynorsk skriftmål på eit konglomerat av naturlege talemål, som er oppblanda med meir eller mindre dårleg bokmål. Nynorsken er best tent med eit fast og einsarta målsystem, som er ein *overbygning* over dialektane, og som er lett å læra. Vi må ta vare på innarbeidd nynorsk ordtilfang – som i dag må reknast som eit stort pluss dersom vi ønskjer ei

<sup>17</sup> I Arne Lauvhjell (red.): *Heit strid om nynorsk*, Oslo 1983, s. 100.



jamn og harmonisk utvikling med røter i norsk kulturtradisjon. Blir ein slik samnemnar brukt mykje i massemedia, kan vi ha von om å påverka framtidsnorsken. Held vi derimot fram med å praktisera slagordet «Skitt i Norge, leve Toten», er vi snart tilbake til tida før Ivar Aasen, og vi kan då venta at nynorsken om ikkje så lenge vil bli fullstendig undertrykt av bokmålet.<sup>18</sup>

Me sluttar oss til Rommetveit. Prinsippa han viser til, er prinsippa som Aasen bygde på. Dette er dei to viktigaste av dei:

1 Det er ikke min Hensigt hermed at fremhæve nogen enkelt af vore Dialekter; nei ingen saadan bør være Hovedsprog, men dette skulde være en Sammenligning af, et Grundlag for dem Alle.<sup>19</sup>

2 I den hele Sammenstilling af Ordformer og Bøiningsformer bliver det nødvendig at stræbe efter en E e n h e d, saa at der ikke bliver opstillet flere Former i Stedet for een, da dette vilde føre Sproget tilbage til Landskabsmaalenes Stilling og saaledes gjøre det vanskeligt at lære.<sup>20</sup>

Me vil i denne samanhengen òg sitera språkvitskapsmannen Einar Haugen:

Aasen meinte han hadde funne eit språk, medan andre sa han hadde funne opp eitt. Eg meiner vi no kan identifisere det som ein *rekonstruert, klassisk* standard for dei norske dialektane.<sup>21</sup>

Nynorsken byggjer på dialektane, og dét ikkje berre i hovuddraga: Mange finn nok att sitt eige mål i detaljar òg. Men alle må gje slepp på noko i ei samlande norm.

Me er nøydde til å samla oss om einskap i rettskrivinga for at nynorsken skal kunna stå seg som eit sjølvstendig mål jamsides med bokmålet. Berre ein einskapleg nynorsk vil ha kraft nok til å skapa ein alternativ prestisje. Ein slik nynorsk vil dessutan vera det beste vernet og ryggstøet dialektane kan få.

På grunnlag av dei tankane me har målbore ovanfor, legg me fram den alternative rettskrivinga vår. Ho er langt på veg identisk med den me la fram den 1. juli 2004, men er endra på nokre få punkt, og valfridomen er gjort endå mindre.

## To retningsliner

- 1 Revisjonen tek *utgangspunkt* i den gjeldande læreboknormalen. Former og skrivemåtar som frå og med mellomkrigstida er komne inn i nynorsken med det overordna føremålet å nærma han til bokmålet, er som regel tekne ut or norma.
- 2 Det noverande skiljet mellom hovudformer og klammeformer er teke bort. Alle delar av norma har same formelle status og skal kunna nyttast i alle samanhengar. Sume former og skrivemåtar som vart tekne ut or norma i samnorskperioden, er tekne inn att for å skapa betre samanheng og konsekvens. Mengda av alternative former og skrivemåtar er likevel redusert til eit minimum.

<sup>18</sup> I Arne Lauvhjell (red.): *Heit strid om nynorsk*, Oslo 1983, s. 100.

<sup>19</sup> Ivar Aasen: *Frå Om vort Skriftsprog* frå januar 1836, prenta fyrste gongen i *Syn og Segn* i 1909. Her sitert frå *Skrifter i samling*, Gyldendal Norsk Forlag, Oslo 1996, del III, s. 10.

<sup>20</sup> Ivar Aasen: *Norsk Grammatik*, § 382, Universitetsforlaget, Oslo 1965, s. 339.

<sup>21</sup> Magne Myhren (red.): *Ei bok om Ivar Aasen*, Det Norske Samlaget, Oslo 1975, s. 176.

Hovudformer eller eineformer som me ikkje avviser med namns nemning eller tilvising, vert ståande. Døme: *Me* og *vi* skal framleis vera jamstelte og vert fylgjeleg ikkje nemnde under pronomen s. 17–18. Sideformer [klammeformer] som me ikkje tek i forsvar med namns nemning eller tilvising, er tekne ut. Døme: Verbet *gjera* med klammeforma [*gjøra*] vert ikkje nemnt under avsnittet om verb, fylgjeleg vert forma *gjera* ståande, forma [*gjøra*] vert teken ut. Tilsvarande gjeld *deira* [*deires*], *hennar* [*hennes*] osb. Sjå òg det som er skriva i innleiinga til den alfabetiske lista s. 30.

I respekt for tradisjonen lét me dei sentrale draga i i-målet (*soli, busi, visor, dori er opi, visa er skrivvi, ingi, nokor, onnor*) vera ein del av norma. Det vil ingen skade gjera. Ein av grunnane våre er omsynet til skrivemåten av stadnamn som *Lønaborgi, Arabygdi* osb. på skilt og kart.

På dette grunnlaget legg me fram rettskrivinga vår og vonar ho kan skapa den einskapen som trengst for at nynorsken skal verta eit språk med slitestyrke for framtidige ættleder.

### Avstyttingar

m. – maskulinum, hankjønnsord, f. – femininum, hokjønnsord, n. – nøytrum, inkjekjønnsord, pl. – pluralis, fleirtal, v. – verb, s. – substantiv

## FORMVERKET

### SUBSTANTIV

#### Hankjønnsord

Om lag femti hankjønnsord har i dag uregelrett fleirtal på *-er* og *-ene* og klammeform på [*-ar*] og [*-ane*]. Døme: *gjester – gjestene* [*gjestar – gjestane*].

Klammeformene vert tekne ut or norma.

Denne bøyginga skal gjelda for *bekk, belg, benk, brest, bjl* (vindkast), *dregg* (småbåtanker), *dreng, drykk, døl, egd* (person frå Agder), *flekk, gjest, gong, gris, hegg, klegg, kvist, led, legg, lem, lest* (eit holsmål), *let, lut, mon, nekk* (reinskalv), *rett* (matrett), *rygg, rykk, sau, sed, sekk, serk, skjeng* (breid stripe), *skjenk* (drykk; buffé), *sleng, stad, stegg, stilk, sting, streng, styl* (nedste delen av eit strå) *svelg* (i tydinga slurk), *tele* (telemarking), *vegg, veik, ven, veng* og *øyk*.

Merknad: *Rykk* kan òg vera inkjekjønnsord og får då vanleg inkjekjønnsbøyging. *Sygnar*, som tyder sogningar, finst ikkje i eintal, derimot har me hokjønnsordet *ei sygne* – kvinne frå Sogn, med vanleg fleirtalsform.

Fleirtal på *-er* og *-ene* skal òg orda på *-nad* ha: *lovnader – lovnadene*.

Klammeformene med [*-ar*] og [*-ane*] vert tekne ut or norma.

Fleirtal på *-er* og *-ene* får òg låneord på *-a* og *-ia* som *kollega*, *sofa*, *villa* og *fuksia*. Klammeformene på *[-ar]* og *[-ane]* vert tekne ut or norma.

Valfriomen vert redusert i orda *ske* og *feil*, og bøyginga vert slik:

*ske* – *sken* – *ske* – *skenne* (fleirtal: *ske* – *sken* går ut)

*feil* – *feilen* – *feil* – *feila* el. *feili* (fleirtal: *feilar* – *feilane* går ut)

## Folkenamn og innbyggjarnemningar på *-ar*– bøyging og ending

Folkenamn på *-ar* skal bøygjast regelrett i fleirtal: *ein anglar* – *anglaren* – *anglarar* – *anglarane* (fleirtalsformene *anglar* – *anglane* går ut).

Det vert då endring for orda *anglar*, *baglar*, *dorar*, *fønikar*, *jonar*, *kimbrar*, *normannar*, *punar* og *skytar*.

Innbyggjarnemningar som før hadde valfri ending på *-ar* i ubunden form eintal, til dømes *ein afghan(ar)*, får obligatorisk *ar*-ending, og bøyginga vert dermed *ein afghanar* – *afghanaren* – *afghanarar* – *afghanarane*.

Dette skal gjelda desse orda: *afganar*, *afrikanar*, *albanar*, *andorranar*, *angolarar*, *antiguanar*, *bahamanar*, *biafranar*, *bolivanar*, *botsvanar*, *bulgarar*, *chilenar*, *colombianar*, *costaricanar*, *cubonar*, *dominikanar*, *ekvatorialguineanar*, *fijianar*, *guatemalanar*, *guineanar*, *hellenar*, *honduranar*, *ivorianar*, *jamaicanar*, *kambodsjarar*, *kenyanar*, *koreanar*, *maldivar*, *mallorcanar*, *marokkanar*, *mexicanar*, *monegaskar*, *nicaraguanar*, *nordafrikanar*, *nordkoreanar*, *panamanar*, *papuanar*, *paraguayarar*, *peruanar*, *portugisar*, *puertoricanar*, *rumenar*, *salvadoranar*, *samoanar*, *sentralafrikanar*, *slavar*, *slovenar*, *sørafrikanar*, *sørkoreanar*, *texanar*, *tibetanar*, *tonganar*, *turkmenar*, *tyrkar*, *ungarar*, *uruguayanar* og *venezuelanar*.

## Hokjønnsord

Endinga i bunden form eintal av sterke hokjønnsord kan vera *-a* og *-i*: *sola/soli*.

Om lag førti hokjønnsord har obligatorisk uregelrett fleirtal på *-ar* og *-ane* og klammeform på *[-er]* og *[-ene]*. Døme: *reimar* – *reimane* [*reimer* – *reimene*].

Klammeformene vert tekne ut or norma.

Denne bøyginga skal gjelda for *brik* (rekkverk, skranke), *byrd(e)*/*bør*, *elv*, *erm*, *flis*, *geil*, *gimber*, *greip*, *grind*, *gyger*, *helg*, *heid*, *herd*, *hind*, *hit* (skinnsekk), *kleiv*, *kvern*, *lever*, *merr*, *mjødm*, *myr*, *never*, *onder* (ski med skinn), *reim*, *rim* (fjøl), *rip* (båtrip), *røy*, *røyr* (lyske), *røys*, *sén*, *sild*, *spik*, *sæter*, *vik*, *øks*, *ørn*, *øy*, *øyr* og *år* (blodår, år i båt).

Hokjønnsord på trykklett *-a* får obligatorisk tillegg av *-a/-i* i bunden form eintal: *ei diva* – *divaa/divai*. Før var denne endinga valfri.

Fire ord har no obligatorisk fleirtal på *-jar* og *-jane*: *dys* (lita steinrøys), *fit*, *hes*, *il* (fotsole); denne bøyginga skal òg gjelda *kløv* og *skjel*.

Merknad: *Ríp* kan òg ha forma *rípe* og har då vanleg hokjønnsbøygjing. *Skjel* kan òg vera inkjekjønnsord og skal då ha vanleg inkjekjønnsbøygjing. *Erm* kan òg ha forma *erme* og er då inkjekjønnsord med vanleg inkjekjønnsbøygjing.

Endinga i ubunden form eintal av linne hokjønnsord skal enda på *-e: ei vise*.

Klammeforma på *-a [ei visa]* vert teken ut or norma. Me viser her til det som står nedanfor om infinitivsendinga.

I fleirtal jamstiller me *-er* og *-ene* og *-or* og *-one* for linne hokjønnsord:  
*viser – visene* eller *visor – visone*.

### Inkjekjønnsord

Endinga i bunden form fleirtal av sterke inkjekjønnsord kan vera *-a* og *-i: busa/busi*.

*Auga, hjarta, hjørna/hyrna, noda, nyra, nysta, okla* og *øyra* skal bøygjast etter dette mønsteret: *auga – auga – augo – augo*.

Merknad: I samansetningar får *hjarta, hjørna, noda, nyra, nysta* og *okla -e: hjørnespark, nyrebetennelse*. *Auga* får *-ne: augneblink* og *øyra* får *-(n)e: øyr(n)everk*. *Nyra* kan òg vera hokjønn: *ei nyre*.

Bøygjingsmønsteret *auge – auget – auge – auga* vert teke ut or norma.  
*Barn* skal heita *born* i fleirtal.

Ordet *møbel* skal bøygjast slik: *eit møbel – møblet – møblar – møblane*. Fleirtalsformene *møbel – møbla/møbli* går ut or rettskrivinga.

Alle inkjekjønnsord på trykklett *-a* får obligatorisk tillegg av *-a/-i* i bunden form fleirtal: *eit skjema – skjemaet – skjema – skjemaa/skjemai*. Før var denne endinga valfri.

## VERB

### Infinitivsendinga

Infinitivsendinga skal vera *-a: å vera, å kasta*.

I målføre som har e-infinitiv eller kløyvd infinitiv, er a-en vorten ståande i reflektiv infinitiv (*brukast*) og i presens partisipp (*brukande*). Dei som har kløyvd infinitiv, har a-infinitiv i mange vanlege verb. A-en står òg i ord som *skrivar* (nomen agentis – dvs. ord for den som utfører ei handling).

Slik me samlar oss om a-infinitiv, bør me òg kunna samla oss om *-e* som endingsvokal i linne hokjønnsord som *ei vise* (sjå ovanfor under *hokjønnsord*).

Jamvel om dette er eit system som ikkje finst i nokon einskilddialekt, vel me det som den minst kontroversielle løysinga på eit vanskeleg problem.

### **-st-former**

Verbformer som *seljast*, *møtast*, *blygjast*, *ferdast* skal ha obligatorisk *-st*. Infinitiv av desse verbformene skal ha endinga *-ast*, med to undantak: *å slåst* (berre i resiprok tyding, elles *slåast*) og *å låst*. Sideformene utan *-t* går ut.

### **Sterke og sterk-linne verb**

Presensforma på [-er] i sterke verb vert teken ut or norma. I omtalen nedanfor av endringar i bøyginga av sume verb nemner me ikkje dette på nytt.

Inkjekjønnspartisippet og supinum på *-i* vert teke ut or norma. Dette gjeld sjølvsagt òg for refleksive verb: *Det har funne<sup>st</sup>*. I omtalen nedanfor av endringar i bøyginga av sume verb nemner me heller ikkje dette på nytt.

Preteritum partisipp av sterke verb etter *bli/verta* og *vera* skal vera slik:

Hankjønn: *-en*. *Romanen er skriven*.

Hokjønn: *-en* eller *-i*: *Boka er skriven/skrivi<sup>22</sup>* eller *boki er skrivi*.

Inkjekjønn og supinum: *-e*: *Brevet er skrive*. *Eg har skrive*.

Formene på *-i* vert dermed systematisk reine hokjønnsformer (sjå òg nedanfor under adjektiv og pronomnen).

Desse verba får endra bøyging eller status (berre dei nemnde formene vert tillatne):

*be(da) – bed – bad – bede*

*bli/verta – blir/vert – vart – vorte*

*by(da) – byd – band – bode*

*dra(ga) – dreg – drog – drege*

*flyga – flyg – flaug – floge*

*få – fær/får – fekk – fenge/fått*

*ganga – gjeng – gjekk – gjenge*

*gie(va) – gjev – gav – gjeve*

*gli(da) – glid – gleid – glide*

*gå – går – gjekk – gått/gjenge*

*ha(va) – har – hadde – hatt*

*la(ta) – lét – lét – late* Merk: Forma *la* kan berre brukast som hjelpeverb, elles *lata*.

*leggja – legg – la – lagt*

*li(da) – lid – leid – lide*

*læ – lær – lo – lætt*

*måtta – må – måtte – mått/måtta*

<sup>22</sup> Gustav Indrebø: Einskap i rettskriving, serprent or *Firda Folkeblad*, Flora 1929, s. 11: Dei segjer «ei opi dør» mange stader som dei segjer «døra», og endaa fleire stader segjer dei: «stova er nedrivi».

*ri(da) – rid – reid – ride*  
*seia – seier – sa – sagt*  
*skli(da) – sklid – skeid – sklidle*  
*skri(da) – skrid – skreid – skride*  
*skyta – skyt – skaut – skote*  
*slå – slær/ slår – slo – slege*  
*slåst – slåst/ slåst – slost – slegest*  
*standa – stend – stod – stade*  
*stri(da) – strid – streid – stride* Merk: Dette verbet kan òg bøygjast lint.  
*stå – står – stod – stått/ stade*  
*svi(da) – svid – sveid – svide* Merk: Dette verbet kan òg bøygjast lint.  
*ta(ka) – tek – tok – teke*  
*vri(da) – vrid – vreid – vride*

Merknad 1: Partisippformene *fått, gått, stått* skal vera ubøygde i predikativ stilling: *Dei er gått. Dei er misforstått*. Adjektivforma *-hald* i ord som *førehald* og *medhald* skal ha vanleg samsvarsbøying: *Saka er førehald, framlegget er førehald, sakene er førehalde* (forma *-hadd* vert teken ut). Likeins vert adjektivet *staden* eineform (forma *stådd* vert teken ut).

Merknad 2: Me fører her opp valfridomen *gjenge/gått* og *stade/stått*. Me legg til grunn at når den samnorske perioden no er over, so vil det vera urett å fjerna desse suppletive formene som har vore so seigliva i ulike landsdelar.

Merknad 3: I og med at *bli/verta* er eit hjelpeverb som vert svært mykje brukt, er det viktig å redusera valfridomen her. Me tek difor formene *blei – blitt* ut or norma. Suppletivbøygjing med skiftet *bli – blir – vart – vorte* står sterkt i målføra og skrifttradisjonen.

Merknad 4: J-lause former som *ligga, sitta, tygga* vert tekne ut; dette vert nærare omtala under punktet om konsonantsystemet.

## Linne verb

Ogso partisippet av *linne* verb som predikativ skal bøygjast i kjønn og tal i samsvar med subjektet (stundom òg objektet) det står til (samsvarsbøygjing). Etter *bli/verta* og *vera* skal bøygjinga difor vera slik:

*han/ ho er spurd – det er spurt – dei er spurde*  
*han/ ho er kjøpt – det er kjøpt – dei er kjøpte*  
*han/ ho er bygd – det er bygt – dei er bygde*

Supinum (forma hovud verbet får etter hjelpeverba *ha* og *få*) skal fylgja preteritum partisipp inkjekjønn og endar difor på *-t*: *Han har spurt, kjøpt, bygt. Ho fekk bygt seg eit stort hus øvst i dalen.*

Verb som endar på *-dde* i preteritum kan òg ha *-dd* i supinum og preteritum partisipp inkjekjønn:

Har arbeidt/arbeidd. Utkastet er utarbeidt/utarbeidd.

Har blødt/blødd.

Har nått/nådd. Målet er nått/nådd.

Merknad: Dette gjeld likevel ikkje *ha* som framleis skal ha *hatt* som eineform i perfektum.

Verba som no har *-de* [-*te*] i preteritum, skal ha obligatorisk *-de*. Den noverande sideforma på [-*te*] vert teken ut or norma.

Merknad: Dette gjeld meir enn 100 ord, mange av dei er svært vanlege som *bøyra*, *køyra*, *selja*, *telja*.

Når det gjeld fordelinga *-de/-te* i fortid, set Heggstad opp denne regelen i *Norsk grammatikk, større utgåve*, 1931, § 521:

Endingi *-de* i fortid brukar ein etter dei klangføre konsonantane *b d g m v*, *-te* etter dei klangause *k p s t*. Etter *l n r* er det ustødt, men oftast *-de* etter *r*, *-te* etter *l* og *n*.

Med utgangspunkt i klassisk nynorsk rettskriving minkar me valfridomen slik:

1 Endring i preteritum *-a/-de/-te* > *-de* (berre e-bøyging):

*forklara* – *forklarer* – *forklarde* – *forklart*

Slik går òg *hyra* (leiga), *klara*, *kura*, *lima*, *lura*, *spara*, *stira*, *stura*, *syra*, *vara* (om tid) og *yra*.

2 Endring i preteritum *-a/-de/-te* > *a* (berre a-bøyging):

Dette gjeld *klora*, *svara* og *varast*.

3 Endring i preteritum *-de/-te* > *-de*:

*bevara* – *bevarer* – *bevarde* – *bevert*

Slik går òg *ernæra*, *fôra*, *hira*, *kvila*, *læra*, *næra*, *nôra*, *rôra*, *snôra*, *spira*, *styra*, *stôra*, *støyra*, *tola*, *têra* og *ôra*.

4 Endring i preteritum *-a/-te* > *-te* (berre e-bøyging):

*beita* – *beiter* – *beitte* – *beitt* (bøyginga *beita* – *beitar* – *beita* – *beita* går ut):

Slik går òg *bretta*, *festa* (i tydinga *gjera fast*), *fletta*, *flytta*, *fløyta* (i alle tydingar), *fretta*, *gifta*, *glytta*, *gletta*, *luta* (i tydinga *bøya seg framover*), *lyfta*, *lysta*, *nesta*, *rista*, *skifta*, *skjefta*, *skvetta*, *smetta*, *spretta*, *sprøyta*, *styttta*, *svelta*, *tysta*, *veita*, *velta* og *ysta*.

Merknad 1: Denne bøyginga har og sjeldsynte ord som *sterta* (streva), *syfta* (i tydinga *svinga*, *rista*) og *tyfta*.

Merknad 2: I intransitiv bruk har *skvetta*, *smetta* *spretta*, *svelta* og *velta* sterk bøyging.

Dessutan:

*gapa – gaper – gapte – gapt*  
*glefsa – glefser – glefste – glefst*  
*kyla – kyler – kylte – kylt*  
*kyssa – kysser – kyste – kyst*  
*tapa – taper – tapte – tapt*

Merknad: Slik vert òg dei sjeldsynte orda *gisa* og *gnisa* bøygde.

5 Endring i preteritum -de/-te > -te:

Dette gjeld *erklæra*, *flira* og *fyra*.

Merknad: Dette gjeld og sjeldsynte ord som *bæra*, *gira*, *glira*, *glyra*, *gløyra*, *bæra*, *kjæra*, *pira*, *plira*, *royra*, *skjora*, *skyra*, *snæra*, *søyra*, *tira*, *ara* og *øyra*.

6a Endring i preteritum -a > -te (frå a-bøygging til e-bøygging med -te i preteritum):

*benkja – benkjer – benkte – benkt* el. *benka – benkar – benka – benka*  
*lenkja – lenkjer – lenkte – lenkt*

6b Endring i preteritum -a > -de (e-bøygging):

*klyngja – klyngjer – klyngde – klyngt*  
*strengja – strengjer – strengde – strengt*

7 Endring i preteritum -a/-de > a (berre a-bøygging):

*lova*, *ruva*, *streva*, *sveiva*, *veiva*, *varskua* og *våga*.

8 Endring i preteritum -a/-de (dde) > -de (dde) (berre e-bøygging):

Dette gjeld *dreia*, *sigla* og *sløra* (med samansetningar).

## Femte klassen

Presensforma *bruker* har lite støtte i målføra og i skrifttradisjonen, medan formene *brukte* – *brukt* har stor utbreiding i område der nynorsken står sterkt. Me innfører difor ein ny bøygingsklasse som me kallar **femte klassen**:

*bruka – brukar – bruka/ brukte – bruka/ brukt*

Desse verba høyrer til femte klassen: *ana*, *apa*, *baka*, *banna*, *bestråla*, *betala*, *bila*, *bruka*, *brusa*, *bræka*, *brøla*, *busa*, *dala*, *deisa*, *dreisa*, *eina*, *ensa*, *feila*, *fika*, *fila*, *fira*, *fleipa*, *fortvila*, *føna*, *gana*, *geipa*, *grusa*, *hala*, *heisa*, *helsa*, *husa*, *håna*, *håpa*, *isa*, *jula*, *jåla*, *kila*, *knisa*, *koka*, *kosa*, *kråula*, *krusa*, *kula*, *leika*, *leita*, *lena* (i tydinga *halla*), *lika*, *løsa*, *løsa*, *luka*, *mana*, *mina*, *måpa*, *osa*, *peika*, *peisa*, *peisa*, *pila*, *pøsa*, *rana*, *rapa*, *ropa*, *rosa*, *rusa*, *sameina*, *sila*, *sipa*, *skjona*, *skrøna*, *skråla*, *skåla*, *slepa*, *slipe*, *smaka*, *sneisa*, *snusa*, *sopa*, *spela*, *speila*, *spila*, *spleisa*, *sprel(l)a*, *stana*, *stila*, *stråla*, *stola*, *susa*, *sveisa*, *tala*, *tina*, *tvila*, *tyrsta*, *tøysa*, *ula*, *vræla* og *åla*.



Verbet *skru(va)* får mindre valfridom enn no:

*skru – skur – skrudde – skrutt/skrudd* el. *skruva – skruvar – skruva – skruva*

Desse verba i andre klassen får tradisjonell skrivemåte (eineformer):

*bøygja – bøygjer – bøygde – bøygt*

*smøygja – smøygjer – smøygde – smøygt*

*tøygja – tøygjer – tøygde – tøygt*

*nøygja – nøygjer – nøygde – nøygt*

*pløygja – pløygjer – pløygde – pløygt*

*sløygja – sløygjer – sløygde – sløygt*

*dryygja – dryygjer – dryygde – dryygt*

*vigyja – vigyer – vigde – vigt*

## ADJEKTIV OG ADVERB

Inkjekjønns- og adverbforma av adjektiv på *-ig* og *-ug* skal fylgja hovudregelen og enda på *-t*. Denne bøyginga har vore forboden sidan 1938, men lever framleis friskt i målføra. *Dette er viktig. Uvitigt/uvitugt snakke.*

### Superlativ av visse stadadjektiv/stadadverb

Formene i parentes går ut.

*attarst (attast)*

*bakarst (bakast)*

*inst (innarst)*

*ytst (yttarst)*

### Adjektiv på *-en*

Adjektiv på *-en* skal fylgja dette mønsteret:

*open* (m.) – *open/opi* (f.) – *ope* (n.) – *opne* (pl.)

Hokjønnsforma på *-i* vert jamstelt med *-en*-forma. Inkjekjønnsforma på *-i* går ut.

*Liten* og *eigen* skal bøygjast slik:

*liten – lita/liti – lite – små(e)*

*eigen – eiga/eigi – eige – egne*

Formene *opi/eigi* og *liti* skal vera obligatoriske i i-mål; sjå elles fotnote 22 (s. 13).

Adjektiva *beskjeden*, *gebrokken*, *gedigen*, *kristen*, *ueffen* og *ullen* skal bøygjast slik:

*beskjeden* (m.) – *beskjeden* (f.) – *beskjedent* (n.) – *beskjedne* (pl.).

## Adjektiv som valfritt endar på *-et*, *-ete* eller *-ut*

Formene på *-ut* og *-ete* vert jamstelte. Forma på *-et* vert teken ut or norma: Vegen er *steinut/steinete*.

## PRONOMEN

*Annan*, *ingen* og *nokon* får denne bøyginga:

*annan* – *anna/onnor* – *anna* – *andre*

*ingen* – *inga/ingi* – *inkje* – *ingen*

*nokon* – *noka/nokor* – *noko* – *nokre/nokon* (*noen, noen, noe, noen går ut*)

Fleirtalsforma *nokon* brukar me i spørsmål og nekting: *Såg du nokon sauer i Stordalen i dag? Nei, eg såg ikkje nokon sauer der* (jf. engelsk *any*). Men: *Eg såg nokre sauer i Steinsdalen* (jf. engelsk *some*).

Formene med *-or* bør kunna nyttast både i a-mål og i-mål; *ingi* er obligatorisk i i-mål.

## AVLEIDING

### Suffikset *-an* i samansetningar og avleidingar

Forma med *-an* vert eineform i ord som *nedanfor*, *attanfor*, *bitanfor*, *austanfrå*, *ovantil*, *utanlands*, *innanbys* osb. Dei n-lause formene verte tekne ut or norma.

*nedanfor*

*nedanfrå*

*nedantil*

*austan-* Merk: Tilsvarande gjeld òg samansetningsformene *nordan-*, *sunnan-* *vestan-*.

*austandrag*

*austanfjelsk*

*austanfjells*

*austanfor*

*austanfrå*

*austantil*

*austanvind*

*trettan*, *fjortan* osb. (*tretten*, *fjorten* osb. går ut; det er systemrett i høve til *trettande* osb., som er obligatoriske former no).

## LYDVERKET

### Konsonantsystemet

#### *J* framfor *-ing* etter *g* og *k*

Regelen i den gjeldande nynorskrettskrivinga om at ein ikkje skal skriva *j* framfor

*-ing*, er ein systemfeil, og me skifter han ut med den klassiske regelen: Når ein skal laga verbalsubstantiv, tek ein bort infinitivsendinga og legg til *-ing*:

*tenkja – tenkjing*

*byggja – byggjing*

*baka – baking*

*hogga – hogging*

Denne skrivemåten var obligatorisk fram til 1938. «Strykeregelen» fører til at *j*-lyden (palataliseringa) har lett for å verta borte i uttalen av ei mengd verbalsubstantiv. Dessutan gjer han det stundom uråd å skilja mellom verbalsubstantiv av parverb som *søkeka* (bm. *synke*) og *søkekja* (*senka*). Det vert *søkking* i båe tydingane.

### **J etter g/gg og k/kk i verb**

Hovudformene med *j* etter *g/gg* og *k/kk* i verb (*lengja, byggja, tenkja, svekkja*) vert obligatoriske eineformer. *J*-lause sideformer som [*lenga, bygga, tenka, svekka*] vert tekne ut or norma. Med samansetningar gjeld dette mange hundre ord.

### **Andre verb med j-lause sideformer**

Hovudformene *fremja, setja, sitja, temja, venja* vert eineformer. Sideformene [*setta*], [*sitta*], [*temma*], [*venna*] og hovudforma *fremma* vert tekne ut or norma.

### **J-ar i ein del linne hokjønnsord**

Hovudformer som *bryggje, slegge, krykkeje* vert eineformer. Sideformer som [*brygge*], [*slegge*] og [*krykke*] vert tekne ut or norma.

### **J-ar i andre ord**

Der det no er valfridom mellom tradisjonell skrivemåte med *j* og former utan *j*, vert skrivemåten med *j* obligatorisk. Dei *j*-lause formene vert tekne ut or norma.

Dette gjeld ein del adjektiv og adverb på *-leg*: a) *styggjeleg, hyggjeleg, tekkejeleg*,  
b) substantiv på *-ri*: *trykkejeri, setjeri* c) førelekkar som *ynske-, hengje-, merkje-*  
d) etterlekkar som *-hengjar* og e) førelekkar som *hengje-*

### **Dobbel eller enkel konsonant**

Den tradisjonelle forma med enkel konsonant er vald som eineform i dei fleste tilfella:

***kk/k***

*fok*

*gnika*

*kjøken*

*lek* Merknad: i tydinga *uttett*.

*lok*

*møk*

*rok* (n.)

### **mm/m**

Alle andre former enn dei oppførde går ut:

*dom – domen – domar – domane* Merknad: Samansette ord som t.d. *ungdom* skal òg bøygjast slik.

*domar – domaren – domarar – domarane*

*døma*

*gamal*

*hamar – hamaren – hamrar – hamrane*

*innroma – innromer – innrømde – innrømt*

*koma* (v.)

*kome* (s.)

*kongedøme – kongedømet* Merknad: Denne bøyginga gjeld alle ord med etterstavinga *-døme*.

*kram – kramet*

*lem – lemen – lemer – lemene* Men: *lem – lemnen – lemmer – lemmane* (t.d. *kjellarlem*).

*lom – lomen – lommar – lomane*

*plome/plomme*

*pram – pramen – pramar – pramar*

*ram – rame* (adj.)

*rama* (v.) Merknad: i tydinga *vera ram i smaken; lukta vondt*

